



Reisepolicy for Suldal Frivilligsentral

Suldal Frivilligsentral skal bidra til at aktivitetane me driv med, skal opplevast som trygg. Reisepolicyen skal medverka til at trafikksikkerheita blir teke vare på av og for deltakarar og frivillige. Dette gjeld til og frå aktivitetar, og når personar er ute på reiser som representantar for frivilligsentralen.

Reisepolicyen tek for seg det personlege ansvaret kvar enkelt har, og det ansvaret frivilligsentralen til ei kvar tid har for tilrettelegging av aktivitetane.

Gående til og frå aktivitet og arrangement

- Me vel fortau, gang- og sykkelveggar.
- Alle blir oppfordra til å bruka refleks eller refleksvest på veg til og frå aktivitetar.
- Ved aktivitet utandørs i mørkret brukar me alle refleks eller refleksvest

Syklende til og frå aktivitet og arrangement

- Alle brukar hjelm.
- Me vel gang- og sykkelveggar så sant det er mogleg.
- Me går av sykkelen når me kryssar fotgjengarfelt.
- Me brukar lys framme og bak ved ferdsel i mørkret.
- Sykkelen har signalklokke, som me brukar for å gjera gåande merksame på oss.
- Me brukar refleks eller refleksvest når me sykklar i mørkret.

Køyrande til og frå aktivitetar og arrangement

- Me køyrer aktpågivande og viser gode haldningar i trafikken.
- Sjøføren passar på at køyretøyet er i forskriftsmessig stand.
- Me bereknar god tid til reisa.
- Sjøføren respekterer trafikreglar og skilting langs vegen. I ein stressa kvardag kan me vera seint ute; hugs å halda fartsgrensa!
- Sjøføren nyttar handsfree ved bruk av telefon under køyring.
- Sjøføren passar på at alle i bilen er fastspente med setebelte.
- Me unngår så langt det er mogleg å rygge på parkeringsområde.
- Me passar på at bilen alltid står slik at passasjerar kan gå trygt inn og ut.

Ved bruk av privatbil

- Køyretøy som blir nytta, skal vera i forskriftsmessig og forsvarleg stand.
- Berekn tilstrekkeleg tid.
- Sjåførar blir oppfatta som førebilete, hald derfor trafikkreglar og fartsgrenser.
- Pass på at alt sikkerheitsutstyr i bilen blir brukt.
- Hugs at lause gjenstandar i bilen er farlege ved bråstopp.
- Legg inn stopp på lange reiser.
- Alkohol eller andre narkotiske stoff og trafikk høyrer ikkje saman.

Ved større arrangement

- Frivilligsentralen prøver å stilla med egne synlege parkeringsvakter.
- Parkeringsvaktene skal dirigera og passa på trygg ferdsel ved arrangement staden.
- Parkeringsvaktene skal også sikra lett tilgang for utrykkingskøyretøy.

Krav til transportselskap/sjåfør og reiseleiar sitt ansvar ved innleige av buss

- Bussen skal vera utstyrt med trepunkts-setebelte.
- Det skal vera minst mogleg laust utstyr i bussen.
- Bagasje skal vera sikra.
- Sjåføren skal nytta handsfree ved bruk av telefon under køyring.
- Reiseleiar kjenner til krava ovanfor til sjåfør/busselskap.
- Reiseleiar passar på at alle sit fastspente.
- Reiseleiar sørgjer for stopp undervegs dersom dette er nødvendig.
- Reiseleiar passar på at alle viser aktsemd ved av- og påstiging.
- Reiseleiar sine og sjåføren sine beskjedar blir følgde under turen.
- Finn eigna plassar der det er tillate å parkera, og i god avstand til veggen.

Slik gjer me reisepolicyen kjend i vårt arbeid

- Reisepolicyen blir lagt ut på nettsida.
- Frivilligsentralen oppfordrar lag og organisasjonar me er i kontakt med til å oppretta eiga reisepolicy.

